


Daggry barnehage



Adresse: Øvregerdet 18
6050 VALDERØYA

E-post: post@daggrybarnehage.no
Heimeside: www.daggrybarnehage.no
Tlf: 70182497

Eigar: Sunnmøre Indremisjon
Styrrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

Pedagogiske leiarar

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong, Barbro Bakken (Måltrosten 3-6 år)
- Emma Nordstrand og Marthe Hjorth (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland (Spurven 1-2 år)

Mob.nr. til avdelingane:

LERKA: 45973085
MÅLTROSTEN: 45973238
LINERLA: 45972646
SPURVEN: 45972670



Daggry-posten

Januar 2019



GODT NYTTÅR ALLE SAMAN!!!

Vi vil gjere vårt beste for at det skal bli eit godt år for barna dykkar i barnehagen, og at vi skal ha eit godt samarbeid med dykk foreldre ☺

Så vil vi ynskje velkomen Emma Nordstrand, som har starta som ped.leiar på Linerla saman med Marthe! Ho har gått inn i stillinga til Elisabeth som no er ute i fødselspermisjon.

Så har vi fått beskjed frå foreldre om at det har vore oppdaga barnemark på barnehagebarn i romjula, og då dette er svært smittsomt og kanskje har vore i barnehagen før juleferien, så ber vi om at de fylgjer godt med på barna dykkar om dei har noko ubehag som kan skyldast dette. Det finnast ei enkel behandling dersom det blir oppdaga, og ein får kjøpt medikamentet på apoteket. Det er ikkje farleg, berre veldig smittsomt og plagsomt for den det gjeld. Barnehagen vil gjerne ha beskjed også dersom nokon har fått det, slik at vi kan ta ekstra forholdsregler.

Det blir **Foreldrecaffi** på alle avdelinger denne månaden, torsd. 24.jan, kl 14.30 – 16.30. Foreldrecaffi vil seie at de får servert kaffi og noko attåt når de henter barna dykkar denne dagen. Vil presisere at det er slutt kl 16.30, då starter opprydding av barnehagen for dagen, så husk å kome slik at de rekk å drikke kaffi og få ei lita økt med barnet ditt her før 16.30, det betyr mykje for barnet! ☺

Studiedager våren 2019, barnehagen stengt

Det er 5 studiedager i barnehagane gjennom eit barnehageår. Vi hadde 3 i august, og skal ha desse 2 i vår: **onsd. 3.april og fred. 31.mai**. Når det gjeld 3.april, så ver obs på at det står feil dato i årsplanen, der står det 4., og det er fordi vi fekk oppgitt feil dag for det kurset vi skal på den dagen. Men onsd. 3.april er altså riktig dag!

Foreldrebetaling våren 2019

Frå 1.januar vert det, som vi tidlegare har informert om, ei auke i satsane for foreldrebetaling, i samsvar med sentrale vedtak om makspris i barnehager og Giske kommune sine satser. Sjå oversikta her over dei nye satsane. Rekneskapsfører ordner trekka på autogiro, slik at de treng ikkje å gjere noko endringer sjølv. Kjøp av enkelttimer koster kr 52,- Kostpengane har også auka litt frå denne månaden, etter at satsen har vore den same i fleire år no. Det er ei auke på kr 30,- pr mnd på full plass, og kr 20,- på delte plasser. Auke i pris totalt (inkl kostpenger) er kr 110,- på full plass, kr 100,- på 80% plass og kr 78,- på 60% plass.

Satsane i skjemaet er inkl kostpenger på ulike plass-str. (kr 380 / 300 / 230) Redusert betaling for søsken vert rekna ut frå grunnprisen, før ein legg til kostpenger.

PLASS	BETALINGSSATS for eitt barn	SATS eitt søsken (-30%)	SATS fleire søsken (-50%)
100%	3370	2473	1875
80%	3170	2309	1735
60%	2383	1737	1307

Opptak av barn til neste barnehageår

Det vil snart vere klart med søknadsskjema for neste barnehageår på Giske kommune si heimeside, og søknadsfristen er 1.mars. Dette gjeld for nye barn som ein søker plass for, eller for dei som skal søkje endring i opphaldstid. Dei som har plass her treng ikkje søkje, de har plassen fram til skulestart. Det vil kome annonse i Øy-Blikk om opptaket.



Ellers opplever vi ofte at barn som ikkje har full plass ynskjer å kjøpe dag når det skjer noko særskilt i barnehagen. Vi har dessverre måtte sagt nei til dette nokre ganger, fordi det må vere barn som er borte den dagen dersom det skal vere ledig plass. Dei interne festane og liknande aktiviteter er fordelt gjennom året på ulike vekedager, slik at alle skal få med seg sin del av desse, utfrå kor stor plass ein har. Så tenk litt på dette også, om de vurderer å søkje utvida plass. Når ein har full plass, så får ein med seg alt, og det er fortsatt anledning til å ha faste fridager, det berre koster litt meir og så kan ein bruke dei dagane ein treng.

OPE HUS i barnehagen onsd. 13.mars kl 17.30 – 19.30

Minner også allereie no om OPE HUS i mars. Dette blir vår markering av den offisielle «Barnehagedagen 2019», som vert arrangert kvart år i mars. Det vert ope for alle som ynskjer å besøke barnehagen vår, og det vert matsalg og loddsalg. Om nokon vil begynne å levere tombola-gevinster no, så er det heilt greit ☺ Vi ber dykk om å levere 10 gevinster pr familie som har 1 barn i barnehagen, og 15 gevinster for familier som har 2 eller fleire barn i barnehagen. Gevinstane skal vere innpakka, koste ca 15-20 kr, og innhaldet skal vere slik at det er kjekt for barn å vinne det. Dersom nokon har kontakt med bedrifter, som kanskje vil sponse oss med ein større gevinst, så skal vi også ha lodd på bok, og tek gjerne i mot slike. Dette kan vere gevinster som passer både for voksne og barn. TAKK ☺

Med venleg helsing Kari-Lise Nordstrand -styrar

